

# **Emnerapport for spansk språk og latinamerikastudium**

**Emnekode:** SPLA303

**Semester:** Våren 2012

## **Faglærers vurdering av gjennomføring**

### **Praktisk gjennomføring**

Kurset vart gjennomført som planlagt med 12 veker undervisning med 1 førelesing og 1 seminar i veka. Berre 5 studentar var oppmelde, og av desse var det tre som møtte regelmessig til undervisning. Dei andre to hadde grunnar for ikkje å møta som dei gjorde meg merksam på i byrjinga av kurset. Med ei så lita gruppe vert det svært sårbart dersom ein t.d. planlegg diskusjonar og at studentane skal koma med innspel, men med denne gruppa fungerte det fint jamvel om ho var lita. Alle studentane møtte også til to obligatoriske rettleiingar og leverte sine to utkast til semesteroppgåve når dei skulle.

### **Strykprosent og frafall**

Ikkje noko fråfall. Ein stryk.

### **Karakterfordeling**

Heile skalaen frå A-F.

### **Studieinformasjon og dokumentasjon**

All informasjon om kurset vart lagt ut på Mi Side, både før semesterstart og undervegs.

### **Tilgang til relevant litteratur**

Emnet var migrasjon i Latin-Amerika, og det var ikkje problem med pensumlitteraturen som var planlagt på førehand, men studentane hadde noko problem med å finna relevant litteratur til semesteroppgåvene. Dette vil alltid vera eit problem på dette nivået, der emna vert svært spesialiserte.

## **Faglærers vurdering av rammevilkårene**

### **Lokaler og undervisningsutstyr**

Me hadde undervisning på seminarrom K på Sydneshaugen skule og rom 217 i HF-bygget. Begge deler fungerte fint.

### **Andre forhold**

Ingen merknader.

## **Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)**

Berre to studentar leverte inn evalueringar, og begge var utelukkande positive. Det einaste forslaget til forbetring var at studentane kvar veke kunne ha førebudd to-tre spørsmål direkte relaterte til den delen av pensum som skulle lesast den veka.

## **Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak**

Ingen merknader.